

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
034/2016	Formannskapet i Radøy	PS	17.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/3045	16/3444

### Oppfølging forvaltningsrevisjon NAV - orienteringssak

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Nordhordland Revisjon presenterte i kommunestyret 10. desember 2015 forvaltningsrapporten «NAV – ressursbruk og rutinar for oppfølging av mottakarar av sosial stønad i Radøy kommune». Rapporten var utarbeidd på bestilling frå kontrollutvalet.

#### Kommunestyret gjorde i sak 061/2015 følgjande vedtak:

"Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med tilbakemelding til kommunestyret innan juni 2016 om administrasjonen si oppfølging av rapporten."

Forvaltningsrevisjons-prosjektet var avgrensa til systemnivå og problemstillingane i prosjektet var følgjande:

1. Korleis er ressursbruken i NAV Radøy samanlikna med eit utval andre kommunar og korleis er ressursane fordelt i høve til tenester og oppgåver som følgjer av formålet med lova?
2. Har NAV Radøy eit system for å sikra oppfølging av langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp?

#### Forvaltningsrapporten kjem mellom anna med følgjande konklusjonar:

«NAV Radøy har eit system for å følgja opp langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp. Systemet byggjer på kartlegging og vurdering av mottakarane sine bistandsbehov, bruk av tiltak og samarbeid med andre partar og bruk av vilkår ved tildeling av økonomisk sosialhjelp.

Systemet sikrar ikkje at kartlagd informasjon og vurderingar av bistandsbehovet og omfanget av dette, vert dokumentert. Systemet har eit sterkt fokus på arbeidsrette tiltak, medan fokuset på sosialfaglege tiltak er svakare. Dette er òg synleg i måten vilkår er nytta på. Vilkår er i stor grad retta mot standardiserte, arbeidsrette vilkår, og orientert mot systemkrava i den statlege delen av NAV. Systemet sikrar ikkje at det vert gjeve informasjon om individuell plan til stønadsmottakarar med behov for langvarige og koordinerte tenester, og såleis ikkje at individuelle planar vert utarbeidd for stønadsmottakarar som kan ha ønskje og behov for tenesta.»

I eit kommunebrev informerer Arbeids- og velferdsdirektoratet kommunane om nasjonale mål, regjeringa sine satsingsområde og tilskotsmidlar innanfor sosiale tenestene i arbeids- og

velferdsforvaltninga for 2016 (Kommunebrev vedlagt).

Rådmannen legg opp til ei orientering i formannskapet om oppfølging av forvaltningsrapporten for NAV Radøy og kommunebrevet frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Rådmannen kjem med tilbakemelding til kommunestyret om oppfølging av rapporten.

Rådmannen legg orienteringssaka fram for formannskapet utan framlegg til vedtak.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

**Formannskapet i Radøy - 034/2016**

**FS - handsaming:**

Leiar ved NAV Radøy, Svein Ove Skjoldal, gav ein status for tenesta og orienterte formannskapet om tiltak som er gjennomført for å følgja opp tilrådingane i forvaltningsrapporten.

Skjoldal sa at NAV Radøy har ei stabil personalgruppe, med lite fråver og dyktige saksbehandlarar som står på utover det som kan forventast.

Som eit ledd i oppfølginga av forvaltningsrapporten er rutinar lagt om ved NAV-kontoret. Skjoldal peika på at det er etablert eit system som gjer at kontoret tidlegare fangar opp vilkår for sosialhjelp. Han sa at det no blir gjort ei grundigare kartlegging av brukarane, og felles saksmøter kvar veke sikrar lik praksis ved kontoret. Skjoldal konstaterte at dei ikkje har vore flinke nok til å syta for at kontoret sine vurderingar var synleg i systemet. Også dette er retta opp no.

NAV-leiaren orienterte om at det blir lagt opp individuell plan for brukar når ein vurderer at det er behov for det - og avhengig av kor komplekst saka er.

Svein Ove Skjoldal orienterte også om det såkalla "Kommunebrevet" frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, der det blir sett fokus på nasjonale mål, regjeringa sine satsingsområde og tilskotsmidlar innanfor sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga for 2016. Aktivitetsplikt for sosialhjelps-mottakarar er eit sentralt tema i kommunebrevet.

I forhold til nabokommunar har Radøy eit høgt tal personar som mottar økonomisk sosialhjelp. Skjoldal peika også på at sjukefråveret er høgt blant radværingane, og at lågt utdanningsnivå og låg gjennomsnittsinntekt skapar utfordringar når arbeidsmarknaden stramar seg til.

Skjoldal la fram statistikk som viser at det i 2015 var 176 brukarar av sosialhjelp ved NAV, ein viss auke frå 2014. I 2015 var 27 flyktningar med i introduksjonsprogrammet. I år skal det etter planen busetjast 25 flyktningar i kommunen.

Rådmannen vil koma med tilbakemelding til kommunestyret om oppfølging av forvaltningsrapporten. Saka vart i denne omgang lagt fram for formannskapet til orientering, og det vart ikkje fatta noko vedtak.

**FS - vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

**Vedlegg:**

Forvaltningsrapport NAV Ressursbruk og rutinar for oppfølging av mottakarar av sosial stønad i Radøy kommune  
Kommunebrevet 2016

